

## Tysnes kan framleis ombestemma seg

1. oktober leverer fylkesmann Lars Sponheim si tilråding om kommunereforma til Stortinget. Samstundes har kommunane fått utvida fristen for å gjera egne vedtak. Til ei sak i Os og Fusaposten på laurdag kom Sponheim med følgjande kommentar:

– Om Tysnes til dømes kjem på andre tankar, og ynskjer

å ta initiativ overfor Os og Fusa, så har dei høve til det. Fylkesmannen si oppgåve er å gje råd og rettleiing i ein friviljug prosess.

Kommunane som har sagt ja til å slå seg saman er Lindås, Radøy og Meland, Sund, Fjell og Øygarden, Os og Fusa, Voss og Granvin og Ullensvang og Odda.

## Tysnes erobra eteren

Den siste veka har NRK Hordaland sendt fleire innslag frå Tysnes i ettermiddagssendinga på radio. Reporter Jan Børge Leirvik, som har vore på siglas i Hordaland, vitja Tysnes førre onsdag til torsdag.

I onsdagssendinga var han fyrst i Flytenaustet i Våge hamn, der han inter-

vju turistvert Ann Russel om turistsesongen. I det andre onsdagsinnslaget tok reporteren turen til Solstråleøya. Der fekk han – og lyttarane – servert øya si spanande historie fortalt av Terje Sløgedal og Bjørn Helge Epland i Solstråleøya Venelag.

På torsdagen sendte NRK

Hordaland eit intervju med Kjell Magnus Økland om oselvaren. Så, på måndag denne veka, var Tysnes-ordførar Kåre Martin Kleppe å høyra på lufta. Begge desse intervjuar vart gjennomførde førre onsdag.



STILLER UT: Faglærer i naturfag, Kari Lande, viser fram dei nye skapa med gjennomsiktige dørar der gamle undervisningsgjenstandar er til utstilling.



NYTT DEKKE: Måndag asfalterte NCC strekninga mellom Lukksund bru og Stussvikhovdatunnelen på fylkesveg 49.

# No er årets asfalt på plass



FLEIRE LAG: Her skal søkket i vegen no vera fiksa.

**Berre ei fylkesvegstreking i Tysnes fekk ny asfalt i år: snautt 400 meter på Reksteren. Det er òg asfaltert ved Lukksund bru, men då på fastlandssida.**

Arbeidet på fylkesveg 83 mellom Haukafær og Ersvær på Reksteren vart gjort sist torsdag. Måndag kom nye asfaltlass med ferja til Våge, men dei skulle like over brua til Kvinnherad.

– Det vert ikkje asfaltert så mykje i Tysnes i år, diverre. Løyvinga til asfalt på fylkesvegane er redusert med nesten 70 prosent, frå 100 millionar i fjor til 33 millionar i år, seier Harald Arne Midtun i Statens vegvesen Region vest. Han er ansvarleg for asfalt og vegmerking i Hordaland.

### NCC på fylkesturné

Asfalteringa vert gjort av NCC, som vann ein stor kontrakt tidleg i vår. Asfalt-

giganten har vore på turné i fylket sidan forsommar.

– Før ferien var det mest europa- og riksvegar, og då jobba me stort sett natt. Og no tek me fylkesvegar utover hausten, fortel Olav Utkvitne, formann i NCC.

Han venta på meir asfalt då «Tysnes» møtte han ved Lukksund bru. Ferjefrakta skapte litt forseinking for asfaltbilane frå NCC-fabrikken i Rådal.

– Her legg me litt over 400 tonn asfalt på eitt skift. Når me kjem til Fusa, då legg me 800 tonn, fortel formannen.

Han rekna like fullt med å verta ferdig før skiftet var omme. Strekinga mellom brua og Stussvikhovdatunnelen er på 650 meter. Delar av vegen måtte byggjast opp med meir enn eitt lag asfalt.

Arbeidslaget frå NCC var på Stord før dei kom til Reksteren og Lukksund, og så skulle dei vidare til Fusa med maskinane sine.

### Dårleg asfaltår

Tysnes fekk berre 378 meter med ny fylkesveg-asfalt i år. Dette er mykje mindre enn i fjor, då nesten to mil med fylkesveg vart asfaltert i kommunen. Det er også mindre enn i forfjor, då 3,5 kilometer fekk nytt dekke. Tysnes har ingen riksvegar.

Heller ikkje nabokommunane kan jubla over mykje fersk asfalt på fylkes-, riks- og europavegar. Mest får Stord med 6,9 kilometer, primært til E39, medan Fusa og Fitjar får høvesvis 4,8 og 2,5 kilometer. Kvinnherad får 240 meter, medan Os, Austevoll og Bømlo ikkje får noko ny asfalt.

Det er Statens vegvesen som har ansvaret for å asfaltera riks- og fylkesvegar. Asfalteringa i Region vest starta i april og skal vera ferdig innan utgangen av oktober.

KNUT A. TORNES  
redaksjonen@tysnesbladet.no

# tryggare

– Naturfagsrommet er blitt lyst, triveleg og fint, og me har kvitta oss med det me ikkje treng, seier ho.

– Kva tyder renoveringa for deg som faglærer?

– Oppussinga gjer at det er kjekkare å førebu aktivitetar, det er tryggare og meir oversiktleg. Trivelegare å koma hit er det også.

– Ja, eg blir glad når eg kjem inn i naturfagsrommet. Godt humør påverkar elevane, seier Kalgraf.

### – Kjekkare klasserom

Martin Matre og Eirik Skorpen, som begge går i 9A, er to av elevane som skal bruka det totalrenoverte naturfagsrommet i undervisninga. Dei seier dei godt kan sjå at rommet er pussa opp.

– Det er veldig kjekt. Det er eit finare klasserom no, seier dei.

KRISTINE NÆSS THORSEN  
kristine@tysnesbladet.no